
Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordfører

Referanse
2014/12505-3

Dato
25.02.2014

Eit framtidsretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord

Hausten 2013 vart det starta opp eit prosjekt for å greie ut mogeleg samarbeid om vidaregåande opplæring for ungdom frå Etne og Ølen. Hovudføremålet med arbeidet er å sikre ungdom på begge sider av fylkesgrensa likeverdig tilgang til eit felles skuletilbod av høg kvalitet.

Prosjektgruppa er sett saman av representantar frå opplæringsleiinga både i Rogaland og Hordaland, dei to rektorane frå Etne og Ølen og omstillingstillitsvalde frå bae fylka. Arbeidet er forankra i mandat frå fylkesordførarane i dei to fylka.

I mandatet heiter det at: «Prosjektet skal .. vurdere organisatoriske endringar, medrekna ein ny skulestruktur, eventuelt tettare og meir formalisert samhandling mellom dei noverande skulane». Prosjektgruppa sitt oppdrag er å få til det beste offentlege tilbodet, og gruppa har kome fram til at skal ein innfri mandatet, så må skuletilbodet i Etne og Ølen organiserast som ein skule med dei eksisterande geografiske lokaliseringane. Dette vil bety at skulen skal ha ei leiing, ein administrasjon og det skal vere ein søknadsprosess for ungdomane.

Prosjektgruppa arbeider no med eigarskapsavklaringar. Frå begge fylka har det kome signal om at delt eigarskap er å ynskje. Arbeidet med eigarskap har blitt meir omfattande enn venta.

Så langt har det vore henta inn ei vurdering av kor vidt det er mogleg å organisere delt eigarskap for ein vidaregåande skule organisert etter kommunelova § 27 som eit interkommunalt selskap. Dette ser ikkje ut til å vere mogleg. Andre moglege løysingar kan vere: 1) delt eigarskap gjennom vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd, og 2) delt eigarskap som forsøksordning, heimla i lov om forsøk i offentlig forvaltning.

Prosjektgruppa vil arbeide vidare med desse to moglege løysingane for å sikre dei avklaringane som trengst med omsyn til ein felles skule i Etne og Ølen. Målsettinga er å få lagt fram ei sak til avgjerd i juni 2014.

Likelydande notat blir lagt fram for fylkestinget i Rogaland 18. mars.